



GISKE KOMMUNE

Staben

Kommunal og regionaldepartementet

Postboks 8112 Dep.

0032 OSLO

Dykkar ref.: Vår ref.: 07/1972-3 Arkiv: K1-256, K3-&13 Dato: 27.02.2008

ENDRING AV GARANTIFORSKRIFTA - HØYRING - GISKE KOMMUNE.

Viser til rundskriv datert 19.11.2007 frå Kommunal- og regionaldepartementet vedrørende høyring av framlegg til endring av garantiforskrifta.

Giske formannskap har i sak 26/08 gjort fylgjande vedtak:

Giske kommune vil tilrå at det ikkje blir foreteke endring i forskrift for kommunale garantiar slik departementet foreslår i høyringsnotat av 19.11.2007.

Giske kommune går dermed i mot at det i garantiforskrifta skal åpnast for at kommunane kan gi garantiar i form av sjølvskuldnarkausjon.

Utskrift av saka fylgjer vedlagt.

Med helsing

Sigmund Strand

økonomisjef

tlf.: 70 18 80 37

e-post: sist@giske.kommune.no

Vedlegg:



GISKE KOMMUNE
6050 VALDERØYA

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Saksansvarleg
Giske formannskap	25.02.2008	026/08	SIST

Saksbehandlar	Arkiv:	Arkivsaknr
Sigmund Strand	K1-256, K3-&13	07/1972- 2

FRAMLEGG TIL ENDRING AV GARANTIFØRESKRIFTA 2007 - HØYRING.

Vedlegg:

- Rundskriv datert 19.11.2007 frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Saksutgreiing:

Kommunal- og regionaldepartementet har i rundskriv av 19.11.2007 sendt ut framlegg til endring av forskrift for kommunale garantiar til høyring.

I dag har kommunane som hovudregel høve til å stille garanti for tredjepersons økonomiske plikter i form av simpel kausjon. Dette er garantiar til private barnehagar, omsorgsbustader, idrettslag m.v. Kommunane har ikkje høve til å gi garantiar til næringsverksemd.

Simpel kausjon inneber at kreditor (banken) ved eit eventuelt mislighald først må søke dekning hjå den verksemda det er gjeve garanti for, og kommunen sitt ansvar blir avgrensa til det som ikkje kan inndrivast frå låntaker. I praksis betyr det at kommunen ikkje må betale før det er teke rettslege steg mot låntaker.

Det er framlegg om endring i forskrifta slik at kommunar kan velje å stille simpel kausjon eller sjølvskuldnarkausjon.

Ved sjølvskuldnarkausjon kan kreditor (banken) gå direkte på garantisten (kommunen) ved mislighald av lånet det er garantert for.

Grunngjevinga for framlegget til endring har samband med kapitalforskrifta til bankane.



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

Eit lån med garanti frå kommunen ved sjølvskuldnarkausjon vil redusere banken sin risiko og dermed kunne gi låntaker betre rentevilkår. Reduserte låneutgifter vil ifylgje departementet sitt syn kunne redusere behovet for kommunalt tilskot i diverse prosjekt.

Dersom det blir åpna for å gi garantiar frå kommunane i form av sjølvskuldnarkausjon, aukar dette kommunen sin risiko ved ein slik garanti, i tillegg til at det vil føre til meir administrasjon i form av større krav til kredittvurdering av låntaker.

Giske kommune sitt garantiansvar pr. 01.01.2007 var på 15,6 mill kroner.

Vurdering:

Rådmannen vil tilrå at kommunen gir uttale om at garantiforskrifta ikkje bør endrast slik at det blir gjeve høve til å gi kommunale garantiar i form av sjølvskuldnarkausjon. Dette med bakgrunn i risikomomentet.

Rådmannen sine merknader:

Sjå vurderinga.

INNSTILLING:

Giske kommunen vil tilrå at det ikkje blir foreteke endring i forskrift for kommunale garantiar slik departementet foreslår i høyringsnotat av 19.11.2007.

Giske kommune går dermed i mot at det i garantiforskrifta skal opnast for at kommunane kan gi garantiar i form av sjølvskuldnarkausjon.

25.02.2008 GISKE FORMANNSKAP

F-026/08 VEDTAK:

Innstillinga vart samrøystes godkjend.